



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/18	Plan og utvikling	04.06.2018

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
18/342 - 18/3425	K1 - 233, K2 - K40	Øi Knut Fredrik 57641200	24.05.2018

Søknad frå Aurland bestandsplanområde for hjort - ny bestandsplan 2018-2020, støtte til drift, endring av arealavgrensing og fritak for fellingsavgift

Tilråding frå rådmann:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortvilt* § 14 godkjenner Aurland kommune endring av arealavgrensinga for Aurland bestandsplanområde for hjort. Ny avgrensning er heile kommunegrensa til Aurland kommune.

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortvilt* § 15 godkjenner Aurland kommune søknad om ny bestandsplan for hjort i Aurland bestandsplanområde. Det vert oppmoda om at målet om 200 felte dyr årleg vert sett på som eit minimum. Aurland kommune vil søkje Miljødirektoratet om dispensasjon til at bestandsplanen kan operera med frie løyve, altså ikkje bundet på kjønn og alder. Viss ikkje denne dispensasjonen vert innvilga, skal fordelingsnøkkelen i bestandsplanen vera 60% kalv/ungdyr, 40% vaksne dyr og fordeling på 60% hanndyr og 40% hodyr i uttaket. Minstearealet for tildeling av fellingsløyve skal då vera 500 daa på aust/nordsida av aurlandvassdraget og 750 daa i resten av kommunen.

Med heimel i *Retningsliner for bruk av viltfondet, punkt 3*, løyver Aurland kommune årleg 25 000 kr i støtte til drift av Aurland bestandsplanområde for hjort i planperioden.

Saka er vurdert etter Naturmangfaldlova.

Bakgrunn

Førre bestandsplan for hjort i Aurland bestandsplanområde hadde som hovudmålsetjing å auke tettleiken av hjort med om lag 10%, målt i sett-hjortindeksen. I 2016 vart CWD påvist på villrein i Nordfjella sone 1. I kjølevatnet av denne problematikken har det frå sentralt hald vore ytra eit ønskje/krav om at bestandane av hjortevilt i randsona til Nordfjella vert redusert for å minska smitterisiko mellom artane av hjortevilt. 2017 var siste året av førre bestandsplan for hjort, og grunneigarsida i hjorteforvaltninga fulgte opp trangen for reduksjon ved å auka jaktuttaket på hjort i Aurland med snaut 45%. Det vart felt 234 hjort i Aurland i 2017. Uttaket av hjort dei siste åra målt i tal og type dyr, samt utvikling i sett-hjortindeksane, peiker i retning av at bestanden av hjort i Aurland har auka dei siste åra, truleg om lag slik målsetjinga var i førre bestandsplan. Kor vidt den auka fellinga i 2017 har bremsa veksten, stabilisert stamma eller redusert stamma er vanskeleg å seia. I tillegg har vinteren 2017/2018 truleg vore tøff for hjorten. Så langt i 2018 er det registrert 8 påkøyrd hjort i kommunen, og 38 hjort som har dauda av andre årsakar (mest truleg avmagring). Desse dyra er truleg berre toppen av isfjellet i høve kva som har dauda i vinter.

Styret i Aurland bestandsplanområde søker om fire ting:

1. Endring av avgrensinga til bestandsplanområdet slik at det er kommunegrensa som gjeld i sin heilhet, ikkje med unntak av nordsida av Nærøyfjorden, slik det har vore fram til no.
2. Ny bestandsplan for hjort for perioden 2018-2020.
3. Fritak frå fellingsavgift på kalv
4. Årleg støtte frå viltfondet til drift av bestandsplanområdet

Vurdering

1. Avgrensning av bestandsplanområdet

Då Aurland bestandsplanområde for hjort vart oppretta i 2015, vart det teke utgangspunkt i det ein hadde av lokalkunnskap og generell kunnskap om hjorten sin arealbruk. Konklusjonen var då at nordsida av Nærøyfjorden hadde ei logisk tilknytning til Fresvik i Vik kommune. Tanken var då at dei to aktuelle valda i Aurland skulle knytast til ein bestandsplan for dette området. Slike samarbeid har synt seg å vera vanskeleg å få til. Avgrensning av bestandsplanområde er heller ikkje noko eksakt vitskap. Grunneigarsida i hjorteforvaltninga meiner det er hensiktsmessig å ha med nordsida av Nærøyfjorden i bestandsplanområdet for å få ei effektiv forvalting av hjorten. Rådmannen er av den oppfatning at det er sentralt å ha godt grunneigarsamarbeid for å få ei god forvaltning. Dialog med naboområda vil, uansett avgrensning av planområdet, vera viktig. Rådmannen er difor av den oppfatning at nordsida av Nærøyfjorden like gjerne kan inngå i Aurland bestandsplanområde, såfremt det er ein dialog om bestandsmål og

avskyting med Vik kommune. Rådmannen tilrår å endra grensa for Aurland bestandsplanområde til å fylgja heile kommunegrensa til Aurland.

2. Bestandsplan for hjort

Fyrste heilskafelege bestandsplan i Aurland vart vedteke i 2015. Den var for perioden 2015-17. Då var målet ei auke på om lag 10%. Dette målet er det grunn til å tru har vorte innfridd. Det er no bortimot full oppslutning om sett-hjort-metoden, og kunnskapsgrunnlaget er difor om lag så godt som det kan vera, jamfør Naturmangfoldlova § 8. Det er grunn til å tru at endringer som følgje av endra avskyting vil kunne fangast opp og målast gjennom sett-hjort. Omsøkt bestandsplan for perioden 2018-20 har som hovudmålsetjing ei moderat bestandsreduksjon, i tråd med sentrale føringar. Fellingsmålet er i planen eit årleg uttak på 200 dyr i kommunen, som er om lag 20% høgare enn kva som har vore «normalen» i Aurland, men likevel lågare enn i 2017. Planen legg opp til at størsteparten av denne auka skal gjerast på aust/nordsida av aurlandsvassdraget, det området som grensar mot Nordfjella sone 1. I tillegg legg planen opp til at fellingsløyva skal vera frie på kjønn og alder, slik at jegerane kan vera effektive når dei er på jakt. Erfaringa frå Lærdal i 2017, som hadde ei slik ordning, var at dette var effektivt av omsyn til fellingsstala. Planen argumenterer for at ei slik «fri ordning» vil gje dei ulike områda større fridom til å velja kva type dyr som er fornuftig å ta ut utifrå dei ulike situasjonane lokalt. Eit område med store oppfatta skadeeffektar, kan ha eit høgt uttak av produksjonsdyr for å redusera mengde hjort effektivt, medan område med lite hjort kan beskatta kalveandelen høgt. I tillegg har planen insentiv for å spara dei største bukkane som ein veit har viktige funksjonar i bestandsdynamikken. Fritak frå fellingsavgift på kalv er meint som eit insentiv og eit signal om at høgt kalveuttak er ønskjeleg. Ei ordning med frie løyver er ikkje heimla i forskrift om forvaltning av hjortevilt, og vil krevja ein dispensasjon. Dette er det Miljødirektoratet som kan handsama.

Sakshandsamar ser i denne saka grunn til kort å kommentera rollefordelinga i forvaltninga. Det er grunneigarsida som eig jaktretten og som har det største ansvaret for å forvalta sjølve hjorteforekomsten slik at det vert ein god struktur i stamma og at kvaliteten på dyra vert god. Kommunen sin rolle er i tillegg å syte for at omsyn til dei andre aspekta ved viltbestandane også vert ivareteke. Dette er til dømes trafikale utfordringar, beite- og skadeproblematikk og sjukdomsforhold (til dømes CWD).

Landbrukskontoret har dei seinare åra opplevd ei auke i trafikale utfordringar knytt til hjort, sjølv om det er lite samanlikna med til dømes Lærdal. Likeeins får landbrukskontoret fleir attendemeldingar frå landbruket om auka skadepress fra hjort i kommunen. Dette gir i seg sjølv argumenter for at hjortestamma i Aurland har vore i vekst og no er overkant stor, målt i tal vinterdyr. Ei tøffare avskyting av kalv og ungdyr i Aurland vil kunna bidra til at eit lågare tal vinterdyr kan produsera like mykje kalvar som i dag. Med ei avskyting av kalv/ungdyr på i snitt 53% dei siste 5 åra, vil ein truleg fø på unødvendig mykje «uproduktive» dyr gjennom

vinteren. Det vil truleg også over tid føra til at snittalderen på dei vaksne dyra vert lågare, kalvingstidspunktet seinare og slaktevektene därlegare. Slike effektar meiner ein at kjem tydeleg fram i heile Sogn og Fjordane hand i hand med bestandsveksten som har vore i fylket.

Målet om ein reduksjon av bestandsstorleiken vurderes difor som godt i tråd med både omsynet til CWD og dei andre samfunnsinteressene i Aurland. I kva for grad ei årleg avskytning på 200 dyr i Aurland vil gje bestandsreduksjon, er avhengig av kva type dyr som faktisk vert felt. Ved ei høg beskatning av kalvar og ungdyr, er det truleg ikkje problematisk å auka tal felte dyr endå meir, til dømes til 250 dyr, når målet er bestandsreduksjon. Mange av dei dyra som dør gjennom vinteren av andre årsakar vert då også skote og vinterdødligheten vert lågare.

Naturmangfoldlova si § 9 omhandlar «føre-var-prinsippet». Rådmannen meiner at det er grunn til å leggja vekt på denne i ein slik situasjon kor ein står ovanfor skrantesjuka. Det vil vera betre å redusera bestanden av hjort i Aurland litt for mykje, enn litt for lite. I historisk samanheng har det truleg aldri vore så mykje hjort som no. Det er difor ønskjeleg å ha ei høg avskytning tidleg, og heller moderera uttaket i åra som kjem om det skulle syne seg å verta veldig mykje mindre hjort. Difor er det viktig å ha nok fellingsløyve i omløp og informera godt om at det er ønskjeleg med høg avskytning.

Rådmannen tilrår å godkjenna omsøkt bestandsplan for hjort i perioden 2018-2020, men vil oppmoda om at målet om 200 felte dyr årleg vert sett på som eit minimum. Aurland kommune vil søkja Miljødirektoratet om dispensasjon til at fellingsløyvene i perioden kan vera frie på kjønn og alder. Aurland kommune nyttar § 7 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, og avvik minstearealet aust/nord om aurlandsvassdraget med 50% slik at minstearealet for desse valda i planperioden vert 500 daa.

Det er naudsynt å ha ein «plan B», av de ein slik dispensasjon ikkje er gjeve på førehand. Planen skildrar ein slik situasjon. Viss ikkje det vert gjeve dispensasjon til frie løyve, ønskjer styret at avskytningsmodellen i planperioden skal vera som den førre planperioden; 60% hanndyr og 40% hodyr i uttaket, og 60% kalv/ungdyr og 40% vaksne. Styret ønskjer same tal tildelte fellingsløyve i ein situasjon kor det ikkje vert gjeve dispensasjon, altså 500 daa pr løyve nord/aust for aurlandsvassdraget og 1000 daa i resten av kommune. Viss ikkje det vert gjeve dispensasjon til at fellingsløyva er frie på kategori, er det grunn til å tru at effektiviteten i jakta vil gå ned i dei områda utan auka tildeling, og fellingsresultatet deretter. Av omsyn til auka trafikale utfordringar og meldingar frå grunneigarar om auka beiteskade, vil rådmannen tilrå at minstearealet i resten av kommunen, i ein situasjon utan dispensasjon, i planperioden vert sett til 750 daa (avvik frå minstearealet med 25%).

3. Fritak for fellingsavgift på kalv

Styret i Aurland bestandsplanområde for hjort søker om fritak for fellingsavgift på kalv. Høgt uttak av kalv er sett på som eit godt tiltak for å auka alderen i stamma, samstundes som ein reduserer tal uproduktive vinterdyr. Å ikkje ha fellingsavgift på kalv kan vera eit positivt insentiv til å auka andelen kalv i uttaket. Det er kommunen som bestemmer storleiken på fellingsavgiftene, innafor sentralt bestemte øvre rammer. Avgifta vert godskreven det kommunale viltfondet. Fellingsavgift vert bestemt i eige sak om kommunale satser i budsjettsamanheng. Auka felling av hjort og elg i 2017, og truleg i åra som kjem, vil gjera at saldoen på viltfondet er tilfredsstillande. Sakshandsamar vil difor spela inn eit fritak for fellingsavgift på kalv i planperioden ved neste budsjettarbeid.

4. Søknad om støtte til drift av bestandsplanområdet

I førre planperiode vart det årleg løyvd 25 000 kr til drift av bestandsplanområdet. Styret søker om tilsvarende støtte for omsøkt planperiode. Storleiken på det kommunale viltfondet har vore aukande dei siste åra, og med auka avskyting vil også inntektene til viltfondet (fellingsavgiftene) auka. Styret søker også om at fellingsavgiftene for kalv skal takast bort i planperioden. Viss ein legg til grunn 200 årleg felte hjort og ikkje fellingsavgift på kalv, vil truleg inntekta på viltfondet vera om lag 50 000 kr årleg. Med den bufferen som ligg i viltfondet i dag (saldo ca 210 000 kr) burde det ikkje vera noko problem å støtta vidare drift av bestandsplanområdet med eit årleg tilskot på 25 000 kr, sjølv om det vert bestemt fritak for fellingsavgift på kalv. Då vil det også vera tilstrekkeleg med midlar på fondet til å handsama dei andre oppgåvane som fondet normalt nyttast til (offentleg ettersøk, støtte til hjortegjerde med meir).

Det er dei lokale retningslinene for bruk at det kommunale viltfondet som regulerer kva fondet kan nyttast til. Bestandsplanlegging og drift av bestandsplanområde er i punkt 3 i retningslinene definert som eit føremål som fondet kan støtta. Støtte over 5 000 kr skal handsamas politisk.

Rådmannen tilrar å løyva 25 000 kr årleg i støtte til drift av Aurland bestandsplanområde for hjort.

04.06.2018 Plan og utvikling

Røysting

Tilråding frå rådmann: samrøystes

PUT-028/18 Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortvilt* § 14 godkjenner Aurland kommune endring av arealavgrensinga for Aurland bestandsplanområde for hjort. Ny avgrensning er heile kommunegrensa til Aurland kommune.

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortvilt* § 15 godkjenner Aurland kommune søknad om ny bestandsplan for hjort i Aurland bestandsplanområde. Det vert oppmoda om at målet om 200 felte dyr årleg vert sett på som eit minimum. Aurland kommune vil søkje Miljødirektoratet om dispensasjon til at bestandsplanen kan operera med frie løyve, altså ikkje bundet på kjønn og alder. Viss ikkje denne dispensasjonen vert innvilga, skal fordelingsnøkkelen i bestandsplanen vera 60% kalv/ungdyr, 40% vaksne dyr og fordeling på 60% hanndyr og 40% hodyr i uttaket. Minstearealet for tildeling av fellingsløyve skal då vera 500 daa på aust/nordsida av aurlandvassdraget og 750 daa i resten av kommunen.

Med heimel i *Retningsliner for bruk av viltfondet, punkt 3*, løyver Aurland kommune årleg 25 000 kr i støtte til drift av Aurland bestandsplanområde for hjort i planperioden.

Saka er vurdert etter Naturmangfaldlova.

Samrøystes

Vedlegg:

Ny søknad om bestandsplan for hjort 2018 - 2020

Bestandsplan for hjort 2018 - 2020

Søknad tilskot til drift av Aurland bestandsplanområde for hjort 2018 - 2020

Rekneskap 2017 og budsjett 2018